

STYRET FOR GRYTASTRANDA MONTESSORISKULE SA HAR FASTSETT SLIKE UTLEIGEPRISAR OG INSTRUKS FOR PRIVAT LEIGE:

Lag og organisasjonar som er knytt til bygda og arbeider til felles beste for både skule og bygdesamfunn, skal ikkje betale leige for bruk av rom til møter og arrangement. Det same gjeld for tilsette ved skulen, for styre og alt som er i regi av FAU og elevane.

LEIGEPRISAR VED PRIVAT UTLEIGE:

Enkelt møterom på skulen for ein etterm/kveld:	Kr 150,-
Leige av kjøkken og matsal for ei helg, fre-søn:	Kr 2.000,-
Leige av kjøkken og matsal for ein etterm/kveld:	Kr 1000,-
Leige av kjøkken, matsal og gymsal for ei helg, fre-søn:	Kr 2500,-
Leige av kjøkken, matsal og gymsal for ein etterm/kveld:	kr 1500,-

NB: Flagget ligg i ei hylle ved kjølerommet på kjøkkenet.

Nøkkel til skulen og instruks om utleige får leigetakar ved å henvende seg til rektor.

- Den som leiger enkeltrom må alltid vaske og rydde etter seg dersom det er naudsynt. Ved leige av kjøkken, matsal, gymsal og toalett må leigetakar alltid vaske etter seg. Vaskeutstyr står under trappa i nybygget.
- Skaffety og dekkety som vert brukt må skyljast og vaskast i steammaskinen på kjøkkenet. Dersom noko blir knust eller på annan måte øydelagt, må rektor få melding om det. Alt må settast tilbake på rett plass etter bruk og reingjering.
- Leigetakar må ikkje ta med seg panner, gryter, bollar etc som høyrer skulen til heim etter arrangementet. Skal leigetakar ha med seg mat heim, må det skje ved å bruke eige, medbragt utstyr.
- Bruker leigetakar dukar, må desse takast med heim etter arrangementet for vask og stryking. Tilbakelevering til skulen innan rimeleg kort tid. Brukte koppehanddukar og klutar skal samlast i ein plastpose. Reinholdar ved skulen vaskar dette.
- Leigetakar er ansvarleg for at lys vert avslått etter bruk. Likeeins at alle dører er låste og vindauge attlatne.
- Leigetakar må passe på at kjølerom, fryseboksar og kjøleskap er rydda og reine etter bruk. Likeeins at det er ryddig ute dersom noko av arrangementet går føre seg utandørs.

Grytastranda 18.05.2021

Ragnhild Skogrand, rektor

[Skriv her]

Adr: Grytastrandvegen 606, 6265 Vatne

Tlf: 70212848/45667768

E-post: ragnhild@gsmontessori.no

Org.nr: 993 892 696

[Skriv her]